



Opprustinga av Helgheim er eitt av prosjekta i Uskedalen som har fått støtte av Sparebankstiftinga.(Foto: Ola Matti Mathisen)

Sparebankstiftinga har dei siste åra delt ut rause gåver til det frivillige lags- og organisasjonslivet. Dette har skjedd to ganger i året; - vår og haust. Denne hausten vil dei dele ut 3 millionar, og det er no tid for å søkje.

Tidlegare har både ungdomslag, idrettslag, skulemusikk, bedehusmiljøet, Uskedal Utvikling og fleire motteke gåver. No er tida inne for å sende søknader på nye prosjekt. På heimesida til sparebankstiftinga finn ein informasjon om kva prosjekt ein kan søkje til. Der finn ein og søknadsskjema. Det er ein enkel søknad, men det er viktig at den vert den vert sendt inn elektronisk for at den skal verta behandla. Søknadsskjema finn ein og på heimesida www.kvinnheradstiftinga.no.

Søknadsfristen er sett til søndag 6.oktober, og vi oppfordrar alle lag som har prosjekt om å søkje. Her er god støtte å henta.



Skulemusikken har tidlegare fått støtte til nye instrument.

Av: Thor Inge Døssland.